

Vi har ei innmeldt sak til Krinstinget:

**1. Forslag om årleg avvikling av Krinstinget, endring av tidsfrist for avvikling, og justering av vedtekter i samsvar med dette.**

Styret har vurdert forslaget om Krinsting kvart år, men finn ikkje at fordelane er så store at dei veg opp for ulempene.

Færre og færre stiller på årsmøte, og vi trur ikkje dette vert betre om tingmøta skal haldast oftare.

Vi går inn for å setja fristen for å halda Krinsting til slutten av april, slik at vi slepp å ha tinget så alt for tidleg når det vert kollisjonar med påske og arrangement.

**Styret si innstilling:**

Vi held fram med Krinsting annakvart år

Vi går inn for endra ordlyd i starten av 1.7: (endringa i kursiv)

**1-7 Krinstinget**

Krinstinget er krinsen sin høgste mynde. Mellom tinga er krinsstyret høgste mynde.  
Ordinært krinsting skal haldast annakvart år innan *utgangen* av april månad.

---

**Om tidlegare handsaming av denne saka:**

Vi har 13.09.2010 hatt ut brev til klubbanne om denne saka, brevet vert gitt att under her.

På dette brevet kom det berre inn få innspel, som gjekk på at det ikkje var bruk for ekstraordinært årsmøte.

Brevet som gjekk ut:

Til klubbanne i Sogn og Fjordane Krins

**Om vedtektsendringar:**

På årsmøtet til krinsen vart spørsmål om årleg årsmøte teke opp. Dette var spesielt av omsyn til val av styret. Slik det no er, vert styremedlemmar valt for 2 år av gongen, og når det er krinsting, står alle på val. Konsekvensen av dette, er at ein ikkje sikrar kontinuitet i styret. For å ha årlege årsmøte i krinsen lyt vedtektnene endrast.

Årsmøtet i krinsen oppmoda difor styret om å kalle inn til ekstraordinært krinsting der nye vedtekter vert handsama. Ekstraordinært krinsting kan haldast på initiativ frå styret eller dersom 1/3 av klubbanne i krinsen krev det.

Berre 7 klubbar var representert under årets krinsting. Å kalle inn til ekstraordinært krinsting krev noko arbeid, og ein er og usikker med omsyn til om det i eit ekstraordinært krinsting møter fleire klubbrepresentantar. Slik vi i styret ser det, kan vi kalle inn til ekstraordinært krinsting, men vi ynskjer innspel frå klubbanne i forkant, for å sjå om dette hastar, eller om ein eventuelt kan førebu vedtektsendring ved neste ordinære krinsting.

**Meir om vedtektsendringane:**

Vedtektnene slik dei er i dag, finn ein på krinsen si heimeside: <http://www.bridge-sfj.org/krinstingdok/vedtekter.pdf>

Følgjande paragrafar må endrast,(endringsforslag står i *kursiv*):

## **§ 1-7 Krinstinget**

Krinstinget er krinsen sin høgste mynde. Mellom tinga er krinsstyret høgste mynde.

Ordinært krinsting skal haldast *kvart* år innan *utgangen* av april månad. Krinstinget kan avgjera at tinget skal haldast *annakvart* år, jfr. § 1-9. Saksdokument til forbundsting skal handsamast 2 månader før dette dersom framlegg skal stillast.

Krinstinget vert innkalla av krinsstyret seinast 4 veker før tinget.

Grunngjevne framlegg til krinsting kan verte fremma av klubb, krinstinget sine oppnemde komitéar og krinsstyret seinast 14 dagar før tinget. Fullstendig dagsorden, årsmeldingar, revidert rekneskap, innkomne framlegg og valkomiteen si innstilling skal krinsstyret kunngjera seinast ei veke før tinget.

*Om endringa; her er og foreslått endring av tidspunkt for å halde krinsting, dette då ein sjeldan har klart dette innafor fristen som vedtekten krev.*

## **§ 1-9 Krinstinget sine oppgåver**

Krinstinget skal:

- Godkjenne representantane sine fullmakter.
- Velja dirigent og sekretær. Desse overtek sine funksjonar umiddelbart etter valet.
- Godkjenne innkalling og dagsorden.
- Velja 2 representantar til å underskrive protokollen.
- Handsame krinsstyret si årsmelding for tingperioden og fatte vedtak om ansvarsfridom for styret.
- Handsame avslutta og revidert rekneskap for tingperioden og fatte vedtak om ansvarsfridom for styret.
- Handsame framlegg til vedtekter for krinsen, eller endring av vedtekts (utover basisvedtekten fastsett av Bridgetinget), herunder spørsmål om krinsting skal haldast årleg eller anna kvart år, jfr § 1-7.
- Handsame framlegg til reglar og bestemmelser om eigne meisterskapturneringar, tiltak og æresmedlemmer, jfr. NBF sine vedtekter § 5-1.
- Handsame innkomne framlegg.
- Handsame framlegg til budsjett, herunder fastsetja kontingen og avgifter.
- Gjennomføre val til følgjande tillitsverv i tingperioden.
  - Krinsleiar.
  - Kasserar.
  - Det tal styremedlemmer og varamedlemmer som går fram av denne vedtekten sin §1-11.
- Halvparten av styremedlemene vert valde kvart år. Dei vert valde for 2 år om gangen.*
- Leiar, sekretær, styremedlem 2 og varamedlem 1 vert valde i år 1, dei andre i år 2.*
- Valkomitè.
- Andre komitéar som krinstinget har oppretta.
- Revisor.
- Representant til Bridgetinget. Valet kan overlatast til krinsstyret.
- Autorisasjonsutval. Valet kan overlatast til krinsstyret.
- Utnemne æresmedlemmer og tildele andre heidersteikn.

### Oppsummering:

Det var og innspel på at ein kanskje skulle ha ei generell opprydding i vedtekter for å luke ut punkt som var uklare. Dersom ein meiner vedtekten pr i dag innehold slike punkt, og ein har forslag til endring, ber vi om at desse vert sendt inn til styret.

Vi ber om ei snarleg tilbakemelding frå klubbanne med omsyn til om ein ynskjer at styret skal kalle inn til ekstraordinært krinsting. Styret ser i så fall føre seg å gjere dette på våren.

Tilbakemelding kan sendast anten leiar Gunn Angelskår ([gunn.angelskar@enivest.net](mailto:gunn.angelskar@enivest.net)) eller sekretær Hege Kristiansen, ([he.kris@hotmail.com](mailto:he.kris@hotmail.com)).

Med vennleg helsing styret